



Stord I forbi Skorpo i mai i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er nødvendig med store årlege investeringar fram til damprutebåten Stord I er ferdig-restaurert og stiftinga bak prosjektet har no søkt mellom andre Kvinnherad kommune om medfinansiering.

Båten er under restaurering etter antikvariske prinsipper etter brannen i 1987 og restaureringsarbeid og bemanning av fartøyet blir utført av medlemmer i Veteranskipslaget Fjordabåten.

Stiftinga ber om breiare distriktsvis medverknad i samsvar med ruteområdet til den tidlegare HSD-båten. Den var ein langrutebåt som gjekk dei lange kombinerte rutene med passasjerar mellom Bergen og Stavanger, Bergen og Sunnhordland og Bergen og Odda.

Dette er eit fellesprosjekt mellom frivillige dugnadsfolk, Riksantikvaren, fylkeskommunen, legat/fond, reiarlag og næringsliv og slik vil det også vera vidare framover til skipet er ferdig restaurert. Ein av dei frivillige som har engasjert seg sterkt i det er uskedelingen Harald Sætre.

Ei utgreiing om drift av skipet viser at seglingar vil kunne gje tilstrekkelege inntekter til dekking av driftsutgifter og vedlikehald, held Stiftelsen fram.

I søknaden blir det streka under at fjordabåtane var ein av grunnpillarane i kommunane si økonomiske og kulturelle utvikling frå 1880 og fram i 1960-åra, då dei vart avløyste av meir moderne kommunikasjonsmidlar. DS Stord I er eit verdig kulturminne over dei mange fjordabåtane. .

I august 2005 var restaureringa komme så langt at båten kunne gå for eigen maskin. I år er brua, skipperlugar med bestikk, 1. plass røykjesalong og 1. plass damesalong ferdig restaurert. Dette arbeidet er i hovudsak finansiert av Riksantikvaren og utført av Hardanger Fartøyvernssenter.

I tillegg skal arbeidet med å sette i stand 1. plass salong på hovuddekket, leggjing av tredekk på hovuddekket og stormdekket startast og delvis vera fullført innan våren 2008. Båten ligg no i fartøyvernssenteret, som er i gang

med dette.

Det planleggjast vidare istandsetjing av bysse, messer, sterrids og lugarar.

Stord I vart bygt i 1913 og gjekk ut av rutefart i 1969. Veteranskipslaget Fjordabåten overtok han i 1981 etter lang tid som losjibåt i Oslo.

Av Ola Matti Mathisen



Stord I passerer Uskedalen i mai i år. (Foto: Harald Sætre)